



Til heimane!

Vår ref.  
20/01115-62

Dato  
10.08.2020

### **Velkommen tilbake i barnehagane og skulen i Surnadal kommune hausten 2020**

Etter sommarferien, er vi no klare for full oppstart i barnehagane og skulane her i Surnadal. Mange barn i barnehagane har allereie starta, medan elevane i skulane har sin første skuledag måndag 17.august.

Før sommarferien informerte vi om at vi planla oppstart hausten 2020 på gult beredskapsnivå. Det er i praksis dei same rutinene som ungane var vane med før sommarferien. Kva dette inneber i detalj finn de i [nasjonale smittevernrettleiarar på Utdanningsdirektoratet](#) sine sider, og de kan sjå korleis vi følgjer opp dei ulike beredskapsnivåa her i Surnadal i dei vedlagde kommunale beredskapsplanane for barnehagane og skulane.

I samband med barnehage- og skuleoppstarten er det særleg viktig at vi opprettheld eit godt smittevern heime og i barnehagane og skulane, ved å:

- oppretthalde 1-metersregelen
- praktisere god handhygiene
- ikkje møte på barnehage eller skole dersom barna er sjuke og før allemenntilstanden igjen er god

#### **Praktisk informasjon**

- Barna skal vere i faste grupper (kohortar) med faste vaksne i barnehagane og skulane, som viser omsorg og møter barna sine behov. På gult nivå tilsvavar gruppene vanlege avdelingar i barnehagane og klassar på skulen
- Opningstida i barnehagane og SFO blir framleis noko redusert, frå kl.07.00 til 16.00 (Stangvik kl. 07.30 – 16.30). Foreldre i samfunnskritiske funksjonar med andre behov, kan ta kontakt med eiga eining for å avtale nærmare
- Matpakkeordninga blir vidareført
- Skuleskyssen går som normalt, og regjeringa har presisert at retten til skulegang er sterkare enn avstandskrava i kollektivtrafikken. Vi er også i dialog med samferdselsavdelinga i fylket, for å auke kapasiteten dersom det blir raudt beredskapsnivå igjen
- Framleis er det slik at dei som ikkje har skyssrett, ikkje får plass bussen. Samferdselsavdelinga melder også at dei ikkje har kapasitet på bussane for elevar som skal frå Øyeområdet til Skei med annan buss enn dei har ordinær plass på
- Frå Kulturskulen kjem eit eige skriv om det som gjeld kulturskulen spesielt

## **Smittesituasjonen i Surnadal no**

Vi har dei siste dagane sett ein auke i smittetala i Norge etter kvart som vi kjem heim frå ferie, og vi er tilbake i arbeid og i barnehagar og skular. FHI melder at situasjonen framleis er under god kontroll, men at vi alle må overhalde smittevernstiltaka.

Vi fekk denne veka påvist eit nytt smittetilfelle her i Surnadal også. Det foregår aktiv smittesporing, og så langt er det ingen barnehagar eller grunnskular som er direkte berørt.

### Kommuneoverlege Bjørn Buan informerer om:

- 1) Vi har kun ett påvist smittetilfelle og vi arbeider intenst for å finne ut av hvor smitten kommer fra, og hvor den har gått
- 2) Hvis du har vært i nær kontakt med personer som nå er i isolasjon, karantene eller med luftveissymptomer, tilrår vi at du avtaler testing med kommunen.
- 3) Kontakt legekontoret hvis du eller noen i din husstand får luftveissymptomer, feber, tap av luktesans eller tydelig sykdomsfølelse.
- 4) Fra onsdag 12.08.20 kan du be om å bli testa utan legetilråding.  
Midlertidig test-telefon: Det er positivt at folk ber om testing. For å avlaste sentralbordet ved legesenteret kan dei som vil be om testing ringe sentralbordet i Surnadal kommune for registrering av anmodning om testing mellom kl. 09.00-14.45. Oppstart: frå og med onsdag 12. august kl. 13.00. Det vil bli ny vurdering veke for veke.
- 5) Alle i husstanden må være flinke til å holde 1-meter avstand, unngå direkte kontakt med andre, og praktisere håndvask med sprit eller såpe i alle situasjoner der smitte kan overføres ved gjenstander i butikk, arbeid, barnehage, skole eller lek.
- 6) Følg med på kommunens hjemmeside om utviklingen av koronasituasjonen i Surnadal.

Vedlagd er infomasjon frå Utdanningsdirektoratet til foreldre/føresette i barnehagar og skular, som de også finn her: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/informasjon-til-foreldre/korona----informasjon-til-foreldre-om-skolehverdagen/>

Dersom de har andre spørsmål, kan de gjerne kontakte barnehagen eller skulen dykkar.

Ønskjer alle saman lykke til med barnehage- og skulestarten hausten 2020!

Mbh

Astrid Mogstad Høivik  
Kommunalsjef  
Surnadal kommune

Vedlegg:

- 20 08 12 Informasjonsskriv Udir – Barnehage
- 20 08 12 Informasjonsskriv Udir – Skule
- 20 06 15 Beredskapsplan for barnehageeiere Surnadal
- 20 06 15 Beredskapsplan for skoleeigarar Surnadal